


STRATEGI

FOR EIN INKLUDERANDE BARNEHAGE, SKULE OG SFO

STORD KOMMUNE



INNLEIING

Inkludering i barnehage, skule og skulefritidsordning (SFO) handlar i stor grad om verdiar, haldningar, handlingar, relasjonar og kultur. Det å oppleva seg inkludert er viktig for barn og unge sin trivsel, læring og livsmeistring. I vår kommune er det å arbeida med inkludering i barnehage, skule, SFO og noko som startar når barnet byrjar i barnehagen.

Strategien gjeld for barnehagane, grunnskulane, skulefritidsordninga, kulturskulen, vaksenopplæringa og hjelpetenestene for barn og unge i Stord kommune og rettar seg mot dei tilsette.

Ein inkludering i barnehage, skule og SFO skal vera eit inkluderande fellesskap der vaksne, barn og unge set pris på mangfald og bidreg til samskaping. Der det pedagogiske arbeidet ivaretek det einskilde barnet/unge sitt utviklingspotensiale, og dei tilsette nyttar varierte metodar.



Visjon

Alle med – heile vegen!

Foto: Sagvåg skule

VERDIGRUNNLAG

Barnehagane og skulane skal møta barn og unge med tillit og respekt, og gje dei utfordringar som fremjar danning og læring. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Tryggleik, tillit og læring heng nøye saman. Barnehagane og skulane har eit vidt oppdrag med å gje barn og unge lærelyst og tru på egne evner. Eit trygt og støttande miljø er grunnlaget for den enkelte si heilskaplege utvikling.

Tilhøyre og deltaking fremjar helse og trivsel. Barnehagane og skulane skal arbeida for å styrka barn og unge si tilhøyre i lokalsamfunnet og deira rolle som samfunnsborgarar.

Å identifisera teikn på psykiske vanskar tidleg er viktig for å kunna hjelpa barn og unge med å få ei sunn og god utvikling. Kunnskap om dette må difor vera eit prioritert område.

MÅL

Ein inkluderande barnehage, skule og SFO som hindrar utanforskap, og som bidreg til læring, utvikling og livsmeistring

- barn og unge opplever eit trygt, likeverdig og heilskapleg tilbod
- dei som arbeidar med barn og unge har ei felles og kunnskapsbasert forståing av korleis ein skal arbeida med utvikling, danning og læring
- kultur for kontinuerlig forbetningsarbeid tufta på prinsipp om ein lærande organisasjon



Kunnskap gir mogleik!

Alle barn nyttar sine ressursar for best mogleg læring

Alle barn trives, opplever meistring og har personleg vekst

Foto: Ø.Hjelmen

BARNEHAGE- OG SKULEEIGAR

- Arbeider kunnskapsbasert og langsiktig med utvikling av gode barnehage- og skulemiljø gjennom å:
 - vera fagleg oppdatert
 - sjå samanheng mellom forskning, forvaltning og praksis
 - ha system for implementering av ny praksis
 - gjennomføra leiar- og utviklingssamtalar
 - vere medviten alle roller skulen har i lokalsamfunnet

- Har tydelege mål for arbeidet med barn og unge, og arbeider etter prinsipp om medverknad og medskaping gjennom:
 - samarbeid med barnehagar, skular, hjelpetenester, brukarrepresentantar og dei tilsette sine organisasjonar
 - samarbeida med aktørar i lokalsamfunnet

 - ha nulltoleranse for mobbing og anna krenkande åtferd , og plan for arbeidet med å førebyggja, hindra og stoppa dette
 - ha plan for tiltak som fremjar gode overgangar mellom barnehage og skule, og mellom skolane

 - arbeide for å redusere sosiale helseskilnader

- Arbeider etter prinsippa om lærande organisasjonar, der kjenneteikna er:
 - Felles verdier og visjonar
 - kollektiv ansvarlegheit
 - tydelege forventningar
 - profesjonelt reflekterande miljø
 - samarbeid
 - læring individuelt og kollektivt

BARNEHAGANE, SKULANE OG SFO

- Barnehagane, skulane og SFO har ei leiing som:
 - er open, nyskapande, respektfull og brukarorientert
 - utøver gode rutinar for medverknad på individ- og systemnivå både for barn/elevar, foreldre og tilsette
 - skapar gode relasjonar, er raus og viser tillit
 - arbeider kunnskapsbasert og bruker data systematisk til kvalitetsutvikling, vurdering og forbetring
 - samarbeider med tillitsvalte og vernetenesta
 - set barn og unge i sentrum og organiserer arbeidet slik at ein unngår tidstjuvar
 - er tydeleg på forventningar og mål
 - har tillit til medarbeidarane
 - går føre med eit godt eksempel samarbeider med næringsdrivande og frivillige i nærmiljøet
 - gir tilbakemeldingar og tek imot råd og rettleiing på ein ryddig og konstruktiv måte
 - medverkar til å skape gode oppvekstvilkår og helsefremjande lokalsamfunn

- Barnehagane, skulane og SFO har tilsette som:
 - har ein felles forpliktande kultur
 - er opne for kvarandre sine innspel og har kultur for å dela kunnskap og erfaring
 - er lojale mot det som er blitt bestemt i fellesskap
 - arbeider kunnskapsbasert, har evne utvikling og til å tenkja nytt
 - er omsorgsfulle og set grenser på ein trygg og positiv måte
 - set barn og unge i sentrum og er opptekne av å utvikla relasjonskompetansen sin
 - møter barn, unge og vaksne på ein likeverdig mate og med positive forventningar
 - er løysningsorienterte og arbeider for at barn og unge opplever meistring
 - bidreg med utvikling av eit inkluderande fellesskap og slik eit helsefremjande og trygt miljø
 - tek tak i uro og problem tidleg
 - gir tilbakemelding og tek imot råd og rettleiing på ein ryddig og konstruktiv måte



Relasjonskompetanse

Å sjå barnet, den unge ut frå den enkelte sine premisser

Å tilpasse eiga åtferd til barnet, den unge utan å leggje bort leiarskapet

Å vera autentisk i møtet med barnet, den unge

Jesper Juul

Foto. Ø. Hjelmen

- **Kulturen er kjenneteikna av:**

- glede, varme, omsorg og lærelyst
- tilsette som arbeider for at alle barn og unge skal kjenna seg inkludert og verdifull
- tilsette som viser handlekraft og ivaretek dei involverte i saker knytt til mobbing, krenking og utestenging
- ei opplæring som famnar breitt, og som tek omsyn til at ein lærer i ulikt tempo
- varierte arbeidsmåtar der ein legg til rette for variasjon og jamleg fysisk aktivitet
- tilsette som tek barn og unge sin medverknad på alvor
- eit tilrettelagt utemiljø som er trygt og samtidig gjev utfordringar

Å HØYRA TIL

Vondt er av alle andre

Bli trakka på og trengd

Men vondare å veta

At du er utestengd.

Det er så mangt i livet

Du ventar deg og vil.

Men meir enn det å vera

Er det å høyra til

Jan-Magnus Bruheim